



Carlos Ruiz Rabelo frå Skarbø Gard og Peje Engstrøm frå Lingebakken i ferd med å tappe opp eple i flytande form.

# Fruktbart samarbeid i bygdene

**NÆRINGS- LIV:** Kunnskapsutveksling mellom Linge i Valldal og Stranda er positivt både for produsentar og kundar.

Ei helg i mai besøkte Storfjordnytt Skarbø Gard på Stranda og fekk mellom anna lære meir om prosessen frå epla heng på trea og til dei er i siderform på flasker.

## FRÅ MEIERI TIL SIDER

Skarbø Gard må absolutt kunne seiast å vere eit internasjonalt samarbeid. Kristine Skarbø er strandataus og gift med spanjolen Carlos Ruiz Rabelo. Når ho ikkje er i permisjon arbeider Kristine som forskar for NMBU på Ås. Carlos er ingeniør i skogfag. Saman har dei tre born. Før paret tok over slekts-garden budde dei mellom anna i Spania og Colombia.

– Etter at eg hadde teke doktorgraden min i antropologi i USA, så jobba eg som forskar på jordbruk i Andesfjella, fortel Kristine medan ho serverer krutsterk kaffi på spansk vis med spanske kaffikaker til. Ein klunk fersk mjølk rett frå fjøset må til i koppen.

Ungane til Kristine og Carlos er niande generasjon som bur i tunet, her har det vore liv

og lagnad sidan vikingtida.

– Og mykje liv er vi vande med her no og, i alle fall elles når pandemitida ikkje set grenser, seier Kristine. Med gardsbutikk, oste- og siderproduksjon og leveringsavtalar til salsstader i fleire kommunar blir det ein jamn sirkulasjon med både folk og arbeid.

Meieridrift har dei hatt på garden i tidlegare generasjonar og, no er det tjue kyr, sju høner og to kattar som står for det dyriske innslaget.

– Det einaste vi var sikre på då vi kom til heimbygda mi i 2014, var at vi ville ta vare på slekts-garden. Korleis vi skulle drive garden innebar noko planlegging, men mykje er det og som blir til undervegs, smiler Kristine.

Ho har mellom anna studert naturforvaltning, evna til å sjå kva som måtte til var absolutt til stades. For tre–fire år sidan selde paret første osten frå utsalet sitt, året etter gjekk første siderflaska til ein kunde. Det var starten på noko som skulle bli større enn dei visste den gongen.

## LOKALT SAMARBEID

– Det er utruleg kjekt å vere del av mentorsystemet som Landbruk Nordvest tilbyr, held Kristine fram.

– Slik kan vi dele kunnskapar med andre, og sjølve få lære meir, legg ho til.

På Lingebakken kunne dei

bidra med viktig kunnskap om fruktdyrking, men hadde litt att som måtte på plass før dei kunne starte opp sjølve. Medan Storfjordnytt er på besøk viser Carlos Peje Engstrøm frå Lingebakken korleis ein tappar opp sideren Peje har hatt med frå Linge.

– Det var Skarbø Gard som tok kontakt med oss på Lingebakken for å høyre om vi kunne vere deira mentorar på epledyrking og planting av nye eplefelt, fortel Elida Brenna Linge.

– Då spurte vi om dei kunne vere våre mentorar på dette med siderproduksjon, seier ho.

– *Kva er planane dykkar framover, med tanke på siderproduksjon?*

– Vi har så vidt starta opp med siderproduksjon her på Lingebakken, og fått løyve frå kommunen til å selje direkte frå garden, seier Linge.

– Så snart vi har teke dei obligatoriske prøvane og etikettane er på plass, kjem vi til å ha vår første sider til sals. Planen er å etterkvart få statleg løyve, slik at vi også kan selje til hotell, restaurantar og liknande, fortel ho vidare.

– *Hadde de på Lingebakken kjennskap til Carlos og Kristine før de kom inn i mentorordninga?*

– Vi hadde kontakt med Skarbø Gard også før vi vart med på mentorordning, ja. Dei fekk blant anna kjøpe eit større kvantum med presseple frå oss i fjor fordi vi ikkje hadde fått på

plass alt naudsynt utstyr i tide, og dei hadde manko på eple, seier Elida Brenna Linge.

– Vi er veldig glade for at denne mentorordninga finst. Det har gitt oss mykje å ha dette samarbeidet og utveksle erfaringar med nokon i nærheten som er komne lenger enn oss i løpet når det gjeld siderproduksjon, legg Linge til.

Både Lingebakken og Skarbø Gard har motteke støtte frå Innovasjon Norge for å utvikle verksemdene sine.

## EPLESORT FRÅ NORDDAL

Innhaldet i sideren frå Skarbø Gard skal vere naturleg, reint og ekte. Det er viktig for paret som driv. Gjær hentar dei kun frå epleskal, sulfittar brukar dei ikkje i produksjonen.

– Vi har fått levert eple frå mellom anna Linge, frå nabo-gardar her inne og frå frukthagar elles på Stranda, fortel Kristine.

Eplesortane som blir til sider er Gravenstein, Prinsar, Filippa, Torstein, Aroma og Discovery. Og så må vi ikkje gløyme Petrineepla, då.

– Det var prestedottera Hele-ne Petrine Width i Norddal som avla fram den arten på 1800-talet, og den nyttar vi i ein av sidertypane våre, smiler Kristine.

To tusen nye epletre skal plantast nedanfor tunet, i tida som kjem. Det er ingen grunn



Carlos Ruiz Rabelo og kona Kristine Skarbø fortel at gjæringstankane rommar frå tusen til to og eit halvt tusen liter, der sideren kosar seg i fleire månader før den kan tappast opp.

for å slutte med det dei driv med, medaljar for arbeidet sitt har Carlos og Kristine motteke fleire år på rad. Og i veka som gjekk kom det to nye siderar for sal hos Vinmonopolet.

– «Arvegull» og «Discovery» heiter dei, kan Kristine Skarbø fortelje.

For å få vite meir om gardane på Linge og Stranda, sjekk ut nettsidene lingebakken.no og skarbogard.no.